



# Norddal kommune

## Retningslinjer for forskottering av spelemidler til godkjente søknader

1. Norddal kommune ønsker å bidra til realisering av idrettsanlegg i kommunen.
2. Føremålet med retningslinjene er å forskottere spelemiddeltilskot til anlegg medan desse ventar på å få utbetalt spelemidler.
3. Forskottering kan gjevast til anlegg og område:
  - a. som er godkjent etter den til kvar tid gjeldande prioriteringsliste som blir vedtatt av Norddal kommunestyre i desember kvart år. Å kome med på prioriteringslista føreset at søknadane er formelt godkjente av fylkeskulturavdelinga i samsvar med Kulturdepartementet sine gjeldande føresegner.
  - b. der anlegget vert bygd innanfor kommunegrensene.
4. Søknad om utbetaling av forskottering skal sendast Norddal kommune som kan forskottere inntil 100 % av godkjent søknadssum. Kommunestyret gjer vedtak i kvar einskild sak.
5. I kvart einskild høve skal ein inngå ein låneavtale mellom anleggseigar og Norddal kommune som skal innehalde krav om tryggleik for det forskotterte beløpet.
6. Utbetalinga kan delast opp i fleire delutbetalingar i høve framdrift og økonomiske utlegg. Første utbetaling kan ikkje skje før arbeidet har starta opp.
7. For å unngå for stor rentebelastning på mottakar av forskotterte spelemidler, betaler mottakar renter éin gong i året rekna frå det året dei første gong får utbetalt kommunale forskotterte midlar. Rentesats er 3 månadars NIBOR (rekna den 1. i kvar måned) + 1 %. Rådmannen får delegert mynde til å utarbeide grunnlag og fakturere.
8. Anleggseigar skal føre rekneskap i tråd med dei retningslinjene som er fastsett av Kulturdepartementet, og som er kravd i føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
9. Uavhengig av om spelemidler er løyvd, skal rekneskapan sendast til Norddal kommune så snart den er ferdig. Frist vert sett av kommunen og vil variere etter omfanget på anlegget.
10. For anlegg som ikkje blir ferdigstilt innan fastsett frist, kan forskotterte midlar bli kravd tilbakebetalt. I tilfelle der tilskot tilsvarande forskottert beløp ikkje vert oppnådd, er anleggseigar ansvarleg for tilbakebetaling av heile det forskotterte beløpet.
11. Anleggseigar skal sjå til at anlegget blir ferdigstilt så snart som råd. Ved utbetaling av spelemidler skal Norddal kommune trekkje frå forskottert beløp og ev ubetalte renter før restbeløpet vert overført til anleggseigar.

*Vedteke i Norddal kommunestyre, k.sak 74/13*